

Borgarkrig i Norge

Au professor Kåre Lunden

NORSKE politiske riksinstusjonar vart svært sterkt ubygde i tida 1133-1240. Det har blitt vanleg å kalle dette for «statsdanning». Denne føregekk i samband med krig mellom nordmenn i Norge – det er Stein Tønnesson einig i (27.3). Men han meiner at nordmenn den gongen ikkje «satte noe skille mellom indre og ytre kriger». Og han meiner at dei «opfattet seg ikke som borgere i samme stat eller medlemmer av en norsk nasjon». Difor var krigane 1133-1240 ikkje borgarkrigar.

«Stat» vert brukt av historikarar og antropologar om den politiske organisasjonen i alt frå primitive bandar til statane i notida. Dei vanlegaste definisjonane seier at ein stat er ei organisert politisk eining innan eit avgrensa territorium, som bygger på samtykkje av folket (Balandier s.125).

Det er ingen tvil om at Norge sidan vikingtida var ein politisk eining, ein «stat» i denne tydinga. Landskapslovene galdt før og under borgarkrigane. Dei viser svært klart at den felles kongen var leiar for ei samsvarsansvaring, *leidangen*, godkjenning av folket på tinget. Ho innebar folkeleg vemeplikt. Kongen var også øvste ansvarlege for oppretthald av lov, fred og orden innover. Det kom til uttrykk ved bot til kongen i mange høve, særleg for drap, ran og anna fredsforstyring. *Ullegd* var strengaste straffa. Det var bortvisning, landlysing, frå det som var Norges land og kongens rike. Kjeldene frå borgarkrigstida talar om «utlendings» og «innlending», det gjeld i forhold til Norge under eit, og skinhaden hadde klare rettslege konsekvensar. Nordmennene var «kongens tegnatar», «undersattar», som i modern språk lyt kallast borgarar av dette politiske samfunnet. Svik mot kongen var ikkje berre personleg «kongssvik», men «landråd», landsforraderi. Alt dette var godteke på folkelege ting. Kongen sjølv var anerkjend av ting av alle bønder.

Ut frå desse faktiske tilhøva, uavhengig av innhaldet i ordet «stat», kan det

– Det er rett at dei ikkje hadde noko ord «borgarkrig». Men dei hadde mange ting i mellomalderen som dei ikkje hadde sett ord på, til dømes C-vitaminar, ozonlag og statsdanning. Vi lyt likevel ha lov til å oppdage alt dette, og setje ord på det, skriv artikkelforfattaren.

ingen tvil vere om at krigane 1133-1240 var krigar innan ein politisk eining, borgarkrigar i moderne språk. Dei var i så måte heilt ulike krigane mellom statar på 1900-talet.

Samtidskjeldene gjev også dramatiske uttrykk for den skinhaden dei *sdg* mellom indre krig innan riket på ei side, krig mot ytre fiendar på den andre. *Kongsspegelen* er skriven ved slutten av borgarkrigane. Boka held fram at den største ulykka som kan treffe eit land, er at det vert gjevne kongsnamn til fleire innan riket, og at desse kjem i strid. Då kjem «vår på heile landsstyret», «riktet vert eit styrelausst skip eller ein øygd ødel». Då tek «vår og manddrap og hæstrid til å fylgja å». «Då blir somme kvinner hermede og valdtokne, og andre vert dårta med list og hjåsvæve, og born vert avla i hor». Botemiddel mot alt er samhald under ein einvaldsfonge. Boka nemner også krig mot ytre fiendar, men ser ingen slike ulvikker av den.

Landskapslovene gjer teknisk, rettsleg skilnad på ytre og indre krig. Vi har det som Tønnesson nemner, dei rettsleg ulike konsekvensane av å herje «i same vika» i kongens rike elles og utanfor riket. Når ein utanlandsk hær kjem «mot landet vårt», har kongen ein lovte rett til å ta gjislar av folket som han ikkje har elles. Svik av vardevakta for «den varden som ligg lengst mot aust» – mot utanlandshær – tilseier 13 konger så høg bot som når det gjeld dei andre vardane. Lovar og sagnar talar stadig om «utanlandshær» til skilnad frå annan.

I 1130 hadde Norge, kongens rike, vore ein enkel stat i 200 år. Etter nasjonalismeforskarane var det då forventeleg at det kom opp ein viss «territorial nasjonalisme» (A.D. Smith). Halvdan Koht og andre har også påvist ein slik gryande nasjonalisme frå 1100-talet, i Norge og ei

rekke andre europeiske land. Bakgrunnen var riksdelingane frå 800-talet. Det er tale om ei nasjonalkjenning og førestillingar om ein særleg nasjonalkarakter. I Norge kjem dette m. a. til uttrykk hos Snorre ca. 1230. Han fortel om 1030-Svein Alfvrason: «Då hadde danske menn reint overtaket i Norge, og landens folk lika dette ille». Danskar og nordmenn skal den gongen ha sett slik skilnad på kvarandre «at vitnemålet frå ein dansk skulle felle vitnemålet frå ti nordmenn».

«Trønderane fekk vite at *landsmennene* (døira (nordmennene elles) Klaga på dei», for at dei hadde hjelpt danskane til makta. Trønderen Kalv Arason, som hadde følt Olav den Heilage, sa til Snorre: «Det har eg gjort nok av og vel så det... å slåst med våre eigne *landsmenn* for å gje knytingane (dei danske) makt».

Førestillingane om ulike nasjonalkarakter viser Snorre gjennom orda til Olav Trygvason ved Svolder i år 1000: «Eg er ikkje redd dei blautingane, det er ikkje noko mot i danene». Svenskane gjorde klokare «i å stige heime og slekje blottballane enn å komme under våpna våre». Den norske styrken til Eirik jarl var annleis: «Av den hæren kan vi vente oss ein hard strid, for dei er nordmenn som vi».

Som nemnt, var dette det same i Norge på 1100- og 1200-talet som i andre land. I Frankrike skreiv dei då om *Francia* som «*fedrelande*» (patria) og *dulce France*. Og dei fann at «franskmenene er modige», «byrge som løver», «det finst ingen reddhære mellom dei». Sameleis i Polen, Danmark, Tyskland m.v.

Tønnesson vil no at vi skal kalla borgarkrigane «tronfeider», i samanheng med at han kallar dei «krigene mellom konger, jarler og andre kongsmenn». Framlegget er eit utslag av ei allmenn

elitistisk oppfatning av historia, og ville innebere eit alvorleg tap i forståing av kva borgarkrigane galdt. «Statsdanninga» var ei drastisk aristokratutvising av samfunnet, med svært sterk ressursforskyving oppover. Borgarkrigane vor frå ei side sett motstanden mot dette. Vi ser slikt som at kong Sverre, etter samtidssagaen, i år 1200 fekk 60.000 bønder mot seg i slaget ved Oslo. Dei protesterte mot nye skattar. Sverre og andre førkjemparar for den nye statsforma slo ned den folkelege motstanden med Telavågmetoder i bygd etter bygd: Sogndal, Kauganger, Skyberg, Rakkestad, Follobygden, Vårmland. Bygdene vart brende snau og buskapeen bortførd. Trønderbøndene førde krig mot kongen og dei nye statskrava 1213-14. Dei omfattande slitung- og rbbung-reisingane på Austlandet 1217-27 hadde motstand mot nye statskrav som ein hovudkomponent.

Sverres strid med kyrkia galdt heile statsforma, med finansielle og andre konsekvensar for heile folket. Trønderbønder og andre valde parti ut frå det. Dette var alt anna enn isolerte «tronfeider», det var borgarkrigar med sverd og eld.

Kvifor er det nett no i 1992 blitt aktuelt å nekte for at statsutbygginga på 1100-talet føregekk med borgarkrig innan ei politisk eining, ein enkel stat som då var 200-300 år gammal, og som i dag har ei tusenårig historie?

Men dei hadde ikkje noko ord «borgarkrig»? Nei, og heller ikkje «tronfeide». Men dei hadde mange ting i mellomalderen som dei ikkje hadde sett ord på, t.d. C-vitaminar, ozonlag, statsdanning og borgarkrigar. Vi lyt likevel ha lov til å oppdage alt dette, og setje ord på det.

Litteratur: Halvdan Koht: «Vakningstida for nasjonalkjenning i Europa» (På leit etter liner i historia, 1947). Om ulike statsformer t.d. Georges Balandier: *Political Anthropology* (Pelican 1972). Særskilt om krigs- og statsomgrepet i mellomalderen: Kåre Lunden: «Krig eller brotsverv?» (Aschehougs Verdenshistorie 6, 1984, s. 142 ff.).

Anders, Kåre

Ab. Kåre 7.192